




Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



*Liti og brun so trygt ho står
med stupule attåt so tenar
Klukkudn ringi snart tusen år
o ingen stan låte dei venar*
OLA TEIGSTOL

Billete: Linda Krossøy



Konfirmantar Vestre Slidre 2025

Slidredomen 24. mai kl. 11.00

Dina Kornelia Unhjem Dokken
Rebeca Floretina Istrate
Hanna Kvamme Nygard
Ingrid Moe Westgård

Lomen kyrkje 24. mai kl. 13.00

Leander Kristiansen
Johan Rolandsgården

Røn kyrkje 25. mai kl. 11.00

Malin Dalbø
Mina Hansegården
Vår Fauske Jørstad
Ylva Anthonsen
Ingvild Færden Wangensten
Endre Thon

Aurdal kirke 18. mai kl. 11.00

Vetle Kildal

Blir konfirmert i den katolske kyrkja 8. juni

Maud Erlandsen

Bønnekrukka i Slidre

Har du ein tanke, ei bøn eller noko du er takksam for?

Kunne det vore greit å få lagt bøna eller tanken din frå deg – og løfte den fram til Gud?


I Slidredomen har me nå sett opp ei bønnekrukke på sidealteret. Der er det og lappar og penn til å skrive opp det du har på hjarte.

Så kan du legge lappen din i krukka og vite at me vil be for det som ligg der – løfte det fram for Gud.

Når det har kome lappar i krukka, vil Janne prest ta fram krukka, be for den i messa og brenne alle lappane.

Bruk høvet, og vit at alle bøner og tankar vert handsama konfidensielt.

Janne Sukka



Sidealtar med bønnekrukke.

Preste-tankar i ei kaotisk verd

Det heiter ikkje: eg – no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Slik startar Haldis Moren Vesås sitt dikt Tung tids tale. Og det kjennes litt som om det er ei tung tid me lever i her og no. Uro, krig, nedbygging av natur og leiarar som trugar demokratia våre. Det verkar ikkje som om det er fellesskapet som er det som styrer korleis vi lever saman. Kamp for eiga lukke, meg og mitt, kort-siktig vinning – den sterkaste sin rett til å vinne. Det kjennest til tider ganske håplaut. Og kva hjelper det med mi røyst?

Gud skapte oss til fellesskap! Og i fellesskapet ligg det styrke, på tross av alt som trugar rundt oss. I påska lever me saman med forteljinga om Jesu siste dagar. Ei forteljing om liv og død, om truslar og om dei sterke som var truga av han som var på dei svake si side. Han som retta ryggar og som reiv ned salsboda som hadde gjort det heilage om til ein stad for marknadskreftene.

Påska er heile livet på nokre få dagar. Alle kjenslene som kan røre seg hjå oss og i vår tid, dei er og i den forteljinga. Men der me så lett kan verta verande i det mørke som omsluttar langfredag og kor me ikkje klarer å sjå håp og lys, ja der held påska frå til påskedagen. Dagen då lyset vann over mørket, dagen då livet vann over døden!

Det er mykje som er mørkt og trugande rundt oss, men det er og håp! Håp i å stå skulder ved skulder, håp i å halde fast på trua om at lyset faktisk skal vinne. Men då må me og verta betre på å tenkje på vi – ikkje eg. Eg håpar eg ser dykk i påskeveka, der me samlast i kyrkene våre, og saman kan me følge denne forteljinga om livet. Og så trur eg at me kvar dag kan ha godt av å lesa Haldis Moren Vesås sine ord- som ei stadig påminning.

Tung tids tale

Det heiter ikkje: eg – no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.

Alt det som bror din kan ta imot av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din, må du ta på deg.

Det er mange ikring deg som frys, ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stør herd, barm slår varmt imot barm.

Det hjelper da litt, nokre få forfrosne at du er varm!

Vesper i Slidredomen

Hei! Vi heter Maria og Gaute Klevgård og er et ektepar bosatt i Slidre. Fra og med onsdag 23. april kommer vi til å lese ortodoks vesper (kveldsbønn) i Slidredomen hver onsdag kl. 18:00, og du er hjertelig velkommen til å delta!

En ortodoks vesper består av davidsalmer og ulike tekster og sanger fra kirkens tradisjon. Gudstjenesten varer i underkant av en halvtime og vil hos oss foregå uten prest. Etter vesper inviterer vi til menighetshuset for enkel kaffeservering og en prat. Rundt kl. 19:00 kobler vi oss digitalt til en samtale, ledet av vår prest fader Olav Lerseth, som foregår på samme tid i Oslo (Hellige Hallvard ortodoks menighet). Samtalene berører temaer knyttet til livet som kristen, forstått i lys av ortodoks tradisjon.

Enkelte vil være kjent med vesper fra luthersk eller katolsk sammenheng. Typisk for ortodoks gudstjenester, som denne vesperlesningen, er den uavbrutte flyten mellom bønn, tekster og a capella sang. Tekst- og melodispråket er også annerledes, men mye av innholdet vil være kjent. Det er dessuten vanlig å stå, og vi vil lese vesper stående i kirkens kor, men det er selvsagt helt i orden dersom du heller ønsker å sitte i en av benkeradene.


Presten vår, Fader Olav, planlegger å komme til Slidredomen og feire guddommelig liturgi, altså nattverdsgudstjeneste, 10. mai kl. 11:00. Den guddommelige liturgien er på samme måte som vesper åpen for alle. Ortodoks kristne kan gå til skriftemål og nattverd.

Jula varer ikkje heilt til påske – for derimellom kjem det faste

Då kristendomen etter kvart nådde opp til oss i 8 – 900-åra, var påskefeiring i mesteparten av Europa alt blitt ein fastsett del i ordninga av kyrkjeåret.

Men korkje der eller her greidde kyrkja å unngå at nye høgtider tok opp i seg tidlegare hedenske skikkar.

Midtvintersblotet – eller jolablotet – den heidenske offerfeiringa av midtvintersdagen 12. januar, var ein fest med fråsing i øl, mjød og store mengder svinekjøt. Delvis vart dette med inn i den kristne julefeiringa, ettersom den etter kvart overtok vinterfesttida, og framleis set vi pris på juleribba med noko attåt ...



Midtvintersblot på Lade med Håkon den gode og bøndene, av Peter Nicolai Arbo.

Våroffer eller vårblot gjekk føre seg rundt sumardagen den 14. april, ein dag som lenge hadde vore markert på primstaven. Her passa påska inn, plassering i tid var avhengig av fyrste fullmånesundag etter vårjamndøgn. Slik vart nye kristne høgtider knytte opp mot gamle tradisjonar.

FASTETIDA var sjølve førebuinga til påska. Den byrja med **Oskeonsdag** (onsdag etter fastelavn) og vara i 40 dagar fram til påske. Dette var ei tid med magre og minimale matrasjonar – absolutt ikkje kjøt! – korkje for folk eller fe. I denne lange ventetida med forsaking og avhald utvikla det seg i middelalderen ei rekkje folkelege festskikkar som gav eit kraftig og ganske provoserande uttrykk for menneskelege trongar til god mat og drikke, musikk, dans og annan moro ...

KARNEVAL

Kvelden før fasta vart i røynda ein festperiode på 3 dagar som byrja med **Fastelavnsundag**, då den som var fyrst oppe fekk lov å rise resten av familien mad bjørkeris. Kanskje å dei bollar etterpå...

Så kom **Blåmandag**, som har fått namn etter eit blått klede prestane la på altaret i den katolske kyrkja, og perioden slutta med **Feitetysdag** – siste dagen før den lange og



strenge fasta. No var det alvor, så då var det om å gjera å eta seg opp på feit og solid mat for å ha noko å gå på. Dagen vart og kalla smørtysdag, flesketysdag, grauttysdag mm. og då vart det

KARNEVAL

Med dristige lystspel, fargerike, støyande opptog og overflod av mat og drikke tok dei no farvel med «kjødet» i religiøs tyding og kjøtet i matgrytene... Ordet karneval kjem truleg frå latin *carne, vale* – som tyder kjøt, farvel.




Pieter Brueghel: Kampen mellom fasten og festen.

Denne festinga utarta nok såpass at reaksjonar frå kyrkjeleg side etter kvart måtte gjera seg gjeldande. På bildet ser vi til venstre full fest. Heilt fremst sit ein feit mann skrevs over ei vintønne, med ei kjøtgryte på hovudet og svinekjøt på spidd. Motsatsen hans til høgre er ein radmager mann i ein kyrkjestol med to sild på ei fjøl (fisk var fastemat). Bak han ser vi dei gudelege som førebur seg på dei stille dagane.

Fastelavn og karneval var fest og fråsing, men dei hadde ei meining som mental førebuing og fysisk opplading til 40 dagars fastetid – så var det brått slutt – for etterpå kom

Oskeonsdag, som var sjølve innleiinga til førti dagar med faste.

Grunnen til namnet skriv seg frå gamle katolske tradisjonar. Då brende dei opp palmegreiner frå palmesundag året før, gjerne med heilag olje og vatn, og strøydde deretter oska over kyrkjelyden. Ein kunne og bruke avkoket til å teikne eit kors i panna på folket.



Askeonsdag av Julian Palat 1881.

Dette vart gjort for at folk skulle bøte for syndene sine og tenkje på kva dei hadde gjort det siste året. Maten var enkel; fisk og sodd, ofte med oske blanda oppi.

Palmesundag var byrjinga på den stille veka. Her hjå oss hadde vi ikkje palmer å vifte med, så huset vart pynta med nyutsprungne bjørke- eller seljektivistar.



Skjærtorsdag, egentleg rensingstorsdag av gamalnorsk skirtorsdag. Skira tyder vaske, rens, og viser til Jesu fotvasking og innstifting av nattverden. Det kan og bety døype, og frå gamal tid føregjekk alltid dei største dåps-handlingane i påska.

Nyfødde husdyr – killingar, lam og kalvar – vart mange stader «døypte» med ein vasskvett i hovudet om morgonen eller kvelden denne dagen.



Langfredag var tradisjonell syrgjedag, der nesten alt folk gjorde skulle minne om Jesu lidningar. Dagen skulle opplevast som lang og pinefull, gjennom tungt arbeid, faste og endelause husandakter. Sjølvpining var og eit moment; nokon gjekk med sand i skorne – eller småstein – heile dagen, så blodet rann. Andre kom trøande utan sko, på nakne bein og i berre skjorta, gjennom halvtina snø, isrestar og søle.

Langfredagsris gjekk mest ut over ungane. Tidleg om morgonen vart dei dengde med bjørkeris. Enkelte stader var det mor som stod for risinga. Då fekk både far og ungar smaka påken.



Langfredagsris av Hans Gude.

Påskeaftan. Denne dagen var og ein syrgjedag – det vart tenkt på Jesus i si grav. Ut på kvelden kjem førebuingane til feiring av neste dag, påskedagen, i gang, og då stig stemninga.

Fasten vert avslutta, og gleda over Jesu siger over døden kan ta til.

Påskemorgon. Fyrste påskedag vart og er kristendomens store festdag. Den stille veka og fasten er over, kyrkjeklokkene får atter kime. Arbeidsklede og syrgjedrakt vert skifta ut med festantrekk. Kyrkjene samlar truleg fleire nordmenn denne dagen enn nokon annan dag i kyrkjeåret, og gudstenestene er prega av evangeliet om Jesu oppstode. Grytidleg i påskeotta var det eit vanleg festinnslag å dra opp til ein ås eller fjelltopp for å sjå soloppgangen. Gamal tru tilsa at sola sola tedde seg annleis denne morgonen; ho leika seg, ho spelte og dansa på himmelen.



Solens varme gir nytt liv av Edvard Munch.

PÅSKEFEIRINGA vart ein kontrast til julefesten. Den er den største og viktigaste høgtida i kyrkjeåret, og merkedagane har namn etter Jesu lidningar i den stille veka. Historisk sett går påska attende til tidleg jødedom og rituelle tradisjonar frå romersk feiring av våren; det fruktbare, det livskraftige og skaping av nytt liv.



EGGET

I det romersk ordspråket *Omnevivum ex* heiter det at alt levande kjem frå egget.

Oldkyrkja møtte denne teorien med ei kristen nytolking, og i tidleg middelalder vart egget godkjent som symbol på oppstoda, atterkomsten til livet, og på den måten teken i bruk i påskeforkynninga.

I folketrua fekk egget halde fast ved sin magiske funk-

sjon som livgjevande kraftsentrum. «Når plomma i egget er svært stor, vert året godt,» vart det sagt.

Fyrste gongen kyrne var ute om våren på Hedemarken, mjølka budeia den fyrste dråpen i eit eggeskal...

Det kan sjå ut til at det er i kombinasjonen av kyrkjeleg og folkeleg symbolikk vi finn forklaringa på at dagens påskeegg og liknande tradisjonspynt som gule kyllingar, grønt lauv, gule lys og påskeliljer, står for nyskaping av livet i både menneskesinn og natur.

Sigrun Sørensen



Vinter-Kristus

Det knirket i usmurt lær.
Knektene førte ham til Golgata.
Men korset fikk de ikke reist,
jorda var frossen.
Da kledde de ham naken
og overga ham til frosten.
Men tornekransen rundt hans tinner
den lot de sitte:
Et blodig rosenblad
sleit seg løs i nordavinden
og blåste inn i Menneskets hjerte.

Hans Børli

Festeavgift

Frå 2025 aukar vi avgifta frå 150,- pr feste pr.år til 250,- pr.feste pr.år.
Avgifta har ikkje vore indeksregulert sidan den vart sett til 150,- i 2017.
Dei tre nabokommunane vil ha same sats som oss frå 2025.

Årets fakturaer for festeavgifter er no på veg til dykk. Frå neste år vil fakturaene bli sendt ut fyrst på året.
Har de spørsmål til fakturaen/fester, ta kontakt med kyrkjeverje på mail vk766@kyrkja.no eller tlf. 48122137.

Julevandring med barnehagane i Vestre Slidre

Den 12. desember kom dei eldste barnehagebarna på besøk, i Røn klokka 09.00 og i Slidre klokka 12.00. Staben var på plass med kostymer og utstyr til ei framføring av juleevangeliet. Mange av ungane ville vera med og spela roller, det vart både Maria, Josef, gjetarar og vise menn. Janne var keisar Augustus og skreiv alle inn i manntalet.

Sigbjørn Ødegård har laga julekrubber i båe kyrkjene, Janne har skaffa jesusbarn og undertekna har sydd klede og teppe. Ungane ville gjerne halde jesusbarnet. Magnhild las juleevangeliet inne i altarringen, og etterpå fekk me mange spørsmål om alt moglege ungane la merke til i kyrkja.

For ei glede å ha med nysgjerrige femåringar på ei slik lita reise!

Johanna Fuglesteg



Erle Myrvang og Embrik Strand som Maria og Josef i Røn kyrkje.



Alle er med og syng.



Er det plass i herberget?



Magnhild les juleevangeliet.

Frivilligfest og avskil

Onsdag 19. februar var me samla i Furu-
lund til god mat, underhaldning, allsong og
taler.

Kven er me?

Alle i staben, det vil seia soknepresten,
kyrkjeverja, kyrkjetenaren, klokkarane og
organisten. Alle i dei tre soknråda i kom-
munen, tilsynshavaren for Lomen stav-
kyrkje og muskarane som er med ved
høgtidsgudstenester og konfirmasjonar. Alt
i alt ganske mange innbedne!

Me som kom fekk god mat, flott mu-
sikk, allsong og hyggeleg prat ved bordet.

Marianne Tuvmarken, leiar i kyrkjeleg
fellesråd, leia samkoma fast og blid!

Brått går døra opp, og inn i salen kjem
Eivind Dølerud, Solveig Erlandsen og
Susanne Engelmann. Her vart det spelt klas-
sisk musikk av høg kvalitet! Til slutt akkom-
pagnerte dei oss til «Valdres, Valdres vår
eigen dal», me tok i litt ekstra alle saman!

To medarbeider har sagt opp den siste
tida: Safet Vladovic har vore kyrkjetenar i
bygda sidan 2013, han er ein allsidig kar og
har fylt rolla si på ein svært bra måte! Jovita
S Bergheim begynte som organist i Vestre
Slidre 2022, ho er ei svært musikalsk, sam-
vitsfull og triveleg dame som har gjeve oss
fine stunder i kyrkja og elles! Båe to fekk
gåve og takk frå Veslemøy på vegne av
heile kyrkja, me ynskjer dei lykke til vidare.

Elin Håkerud var innbeden for å snakke
om Mekkeklubben i Lomen. Ho fortalde
med innleving om kva dei har fått til i klub-
ben og kva den betyr for dei som er med.
Takk!

Tekst: Johanna Fuglesteg

**Bilete: Edith Helle, Linda Krossøy og
Johanna Fuglesteg**



Elin Håkerud fortel om Mekkeklubben.



Jovita spelte vart og fint til avskil.




*Staben: Veslemøy, Johanna, Jovita,
Magnhild, Janne og Safet.*

Marianne har full kontroll.



Eivind, Solveig og Susanne.



*Ivar Aasen hadde bra synspunkt i lite
brukte vers av «Nordmannen».*

Bingo i Høre

Fredag 7. mars var tre frå Lomen sokneråd med å arrangere bingo saman med Høre sokneråd. Bingo vart arrangert av Høre sokneråd fyrste gong i mars 2024, denne gongen var tredje gongen, og her vart Lomen invitert med. Det er flest deltakarar frå Vang, men det kjem også fleire frå Vestre Slidre. Bingoen er i kafeen på Høre samfunnshus, og det blir selt bingo-blokker, snacks og drikke.

Fint med samarbeid over soknegrensene!

Tekst og bilete: Linda Krossøy



Elektrisk bingo-maskin.



Snart bingo?



Premiebord.

Lykter på gravene

Har du hugst å ta bort gravlykta? Viss ikkje, vil skjora gjera det for deg. Då kjem lykta ut på jordet og kanskje inn i ein rundball etterkvart. Slike gravlykter som på biletet skal ikkje brukast på gravplassane i Vestre Slidre. Det har vore plukka i sekkevis med slike gravlykter på bøane ved kyrkjene våre i mange år, no må alle ta ansvar. Gravlykter skal stå fast og ha eit lok som sit fast. Så kan me tenne lys for våre avlidne kjære med godt samvit



Kva skjer i bygda?

Gå inn på <https://vestre.slidre.foreningsportal.no>

Her finn du oversikt over kva for frivillige lag og organisasjonar me har i bygda.

Barnesida

Noko for ungane i kyrkja, kanskje for dei vaksne òg

Janne prest kom med forslag om å ha leiker liggjande i kyrkjene. Leiker av ymse slag vart kjøpt inn, kva skulle me så ha dei i? Plastkasser høyrer ikkje heime i kyrkjerommet, så underteikna sydde posar til å ha leikene i. Velemøy kjøpte låge stolar og bord på Ikea. Har de med dykk ungar til kyrkja, leit etter posane ved inngangen!



Noko for ungane i kyrkja. Bilete: Linda Krossøy

I Lomen kyrkje har det vore julekrubbe med figurar nokre år. Før jul vart Sigbjørn Ødegård spurd om å laga krubber til Slidredomen og Røn kyrkje, og det sa han ja til. Janne kjøpte Jesusbarn, og Johanna sydde sengeklede og teppe. Turrhøy er ikkje vanleg lenger, men jamen fanst det òg på ein gard øvst i bygda! Krubbene vart svært fine, tykte no me, då...



Jesusbarn i nylaga krubbe. Bilete Johanna Fuglesteg. Tekst: Johanna Fuglesteg

Sjølvlært organist i engasjement

Ove Nygård Nybakk er tilsett som organist i engasjement i Vestre Slidre, det vil seia at han har ei slags prøvetid fram til sumaren.

Ove vart fødd i 1988 og vaks opp i Snertingdalen i Gjøvik kommune. No bur han i Steinsetbygda i Etnedal på det han sjølv kallar eit bittelite småbruk, han er gift og har to ungar på tre og eitt år. Dei har to griser og fem høner; «Me er sjølvberga med egg og bacon,» seier han.

Han vart sett på orgelkrakken heime då han var to år gamal, sidan har han prøvd seg fram på dette instrumentet og er i all hovudsak sjøvlært.

Då han gjekk for presten, ynskte han å spela orgel i staden for å tenne lys eller lesa tekster under messa, det fekk han lov til. Han utdanna seg til sveisar, men ryggen greier ikkje slikt arbeid lenger. Musikken har vore med heile vegen, han har spelt mykje både til dans og underhaldning, han har etterkvart også spelt meir i kyrkja, mellom anna på julekonsertar både med Snertingdal musikklag og Etnedal musikklag.

Ove begynte som organistvikar for 3 – 4 år sidan. Han arbeider ein del på dataen; han har eit program der han skriv inn notane på salmane som skal vera med i messa, legg så til besifring og harmoniar «etter øyra», og gjer resten av arbeidet ved orgelet. Improvisasjon og god hugs er stikkord for Ove. Han har eit repertoar på 3 – 400 salmar han kan utanåt!

«Viss det er messe ein søndag, begynner eg å øve på fredagen», fortel Ove, «eg trur eg har absolutt gehør.»

«Eg må spela etter det folk kan», seier han, «går salmen før høgt eller lågt, modulerer eg». Ove har alltid hovudet fullt av musikk, han er tinga til å spela i fem bryllaup fram til august.

«Viss eg har arbeid her fram til hausten, blir eg tredje generasjon som spelar for ein biskop, bestefar spelte for Alex Johnsen på 1960 -talet, og far min for Rosemarie Køhn på 1990 -talet». Ja, for det er bispevisitas i Vestre Slidre til hausten.

Ove vil gjerne ha den jobben!



Faktaopplysning: Absolutt gehør er evna til å oppfatte tonehøgde berre ved hjelp av øyra; når ein person med absolutt gehør høyrer ein tone, kan vedkomande seia kva tone det er: c,d,e eller liknande. Eigenskapen er truleg medfødt, men kan også til ein viss grad øvast opp. Ein av 10 000 har denne evna...

Tekst og bilete: Johanna Fuglesteg

Fastlavsundag

var 2. februar i år. I år som i fjor kom Gerd Ødegård med fastlavnris. Dei lyste, både Gerd og fastlavnrisa! Norske kvinners sanitetsforening kan ein stole på.

Tekst og bilete: Johanna Fuglesteg



Fastlavn.

Ett er nødvendig

Ett er nødvendig – her
i denne vår vanskelige verden
av husville og heimløse:
Å ta bolig i seg selv
Gå inn i mørket
og pusse sotet av lampen.
Slik at mennesker på veiene
kan skimte lys
i dine bebodde øyne.

Hans Børli

Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.
Huset har dekketøy til minst 60 personar, industrioppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1250,-

Ta kontakt med leiar av Røn sokneråd.

Marianne Tuvmarken. mob. 48211552

Utleige av Slidre kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Slidre er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.
Huset har dekketøy og plass til omlag 30 personar, det er oppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1000,-

Ta kontakt med leiar i Slidre sokneråd,

Edith Helle, tlf 99037532

Kyrkjestogo i Slidre

Endeleg kan vi kalle den nye kyrkjestogo heilt ferdigstilt. Det har blitt eit triveleg rom for møte og samlingar av ymse slag. Det siste året har vi fått på plass både gardiner, lamper, dukar og lysestakar og alt slikt som gjer eit rom lunt og koseleg. Vi har eit fullt utstyrt kjøken, gode toalettfasilitetar, storskjerm, og har god plass til 30 personar. Det siste tilskotet kom på plass no rett etter nyttår: Ei flott hengelampe med fleire vakre kuplar frå Hadeland Glasverk. Vi kallar lampen «Smykket» i rommet! Ein stor takk til Vestre Slidre Sanitetsforeining, som gjorde dette innkjøpet mogleg for oss!

Tekst og bilete: Marit Strømmen




Soknerådsleiar Edith beundrar «Krona på verket» i kyrkjestogo.



God stemning på soknerådsmøtet.



Møtet er over og oppvasken gjort.



Gåve frå sanitetsforeninga.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

November 2024 – mars 2025

Jordfesta	Lomen sokn:	17.12	Herdis Karin Unneland	f. 1942
		20.02	Magnhild Pauluda Lykkja	f. 1934
	Slidre sokn:	03.01	Jon Bråten	f. 1941
		09.01	Ola Johannessen Thune	f. 1942
Dåp	Lomen sokn:	15.12	Maja Fjelltun Kvame	
		Slidre sokn:	19.01	Lida Yeshova
		16.02	Emmeli Tvenge	
	Røn sokn:	09.02	Hanna Fosheim	(bustad Oslo)
Vigsel	Slidre sokn:	16.02	Katrine Høyne og Lasse Storhaug Tvenge	
		22.02	Christina Vistemyren Olsrud og Erik Røn	

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leirar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Nye program i kyrkjene og kollekt på Vipps/QR-kodar

Etter ønske frå sokneråda vil det kome nye gudsteneste-program i alle kyrkjene/kapellet.

Programma blir trykt opp i eit tjukkare papir og er praktisk falda.

I tillegg til Vipps-nr vil det vere ei QR-kode til bruk ved kollekt.

Ønsker du å støtte kyrkjebladet?

Vi er avhengig av støtte for å kunne distribuere bladet til alle husstandar gratis. I dette nr har vi lagt inn ein giro til støtte til kyrkjebladet. I tillegg til kontonr 2153.07.09296 kan du bruke Vipps-nr 620343. Hugs å merke betalingar med «kyrkjeblad». Me tek imot alle gåver med takk!

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

Dato	Dag	Tid	Stad
APRIL			
13.04.25	Palmesundag	11.00	Lomen
17.04.25	Skjærtorsdag	12.00	Sekskanten, Vaset
17.04.25	Skjærtorsdag	18.00	Slidreøya
18.04.25	Langfredag	19.00	Slidredomen
20.04.25	Påskedag	12.00	Slidredomen
21.04.25	2. påskedag	12.00	Sjukeheimen
MAI			
04.05.25	3. s i påsketida	11.00	Røn
04.05.25	— — — — » — — —	13.00	Slidredomen, dåpsmesse
17.05.24	Grunnlovsdagen	11.00	Slidredomen
17.05.25	— — — — » — — —	12.00	Røn
24.05.25	Konfirmasjon	11.00	Slidredomen
24.05.25	Konfirmasjon	13.00	Lomen
25.05.25	Konfirmasjonen	11.00	Røn
JUNI			
08.06.25	Pinsedag	11.00	Slidredomen
09.06.25	2. pinsedag	11.00	Sjukeheimen
15.06.25	Treeiningssundag	11.00	Røn
29.06.25	3. s i treeiningstida	12.00	Syndin
JULI			
02.07.25	Pilegrimsmesse	19.00	Slidredomen
06.07.25	4. s i treeiningstida	12.00	Fystro, gamleskulen viss regn
20.07.25	Aposteldagen/6. s i treeiningstida	11.00	Mo kyrkjeruin, Slidredomen viss regn
29.07.25	Olsok	18.30	Lomen stavkyrkje. Arr. frå kl 17.00
AUGUST			
03.08.25	8. s i treeiningstida	12.00	Vasetstølen
17.08.25	10. s i treeiningstida	11.00	Lomen
24.08.25	11. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen, gullkonfirmantar
SEPTEMBER			
07.09.25	13. s i treeiningstida	11.00	Røn, utdeling av 6 - årsbok
14.09.25	Vingardssundag/14. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen, presentasjon av konfirmantar
28.09.25	16. s i treeiningstida	11.00	Lomen, utdeling av 4-årsbok

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå måndag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.

Det vil vere stengt innimellom pga møter, kurs og befarung – prøv oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	E-post
Janne Sukka	45861038	Sokneprest	js593@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslie	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Ove Nygard Nybakk	94971403	Organist i engasjement	nybakk88@gmail.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyar og Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Einar Lome	99310408	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	einar.lome@hotmail.com
Anne Berit Strømmen Strand	97597150	Kom. valt repr. i Kyrkjeleg fellestråd	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



God påske!

Helsing frå oss i redaksjonen
Sigrun Sørensen, Toril Olvik, Johanna Fuglesteg,
Linda Krossøy og Marit Strømmen

E-post til Kyrkjebladet: vs kyrkjeblad@gmail.com.
Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!



	 Tlf.: 61 36 17 70	Valdres Motor & Bilskade AS Ryfoss Bilskader – Leiebiler – BMW Service
 Heilt naturleg – ekta vare	 Graving – Transport – Mobilkusing 2960 Røn Tlf.: 957 26 310 – 917 92 750	Tenk sikkerhet, bruk fagfolk Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no
 - helt i nærheten Tlf. 97068077 www.joker.no	 ETBL. 1965 TLF. 918 44 501	
 post@brennabu.no Tlf. 61 36 31 02 www.brennabu.no	 Web: 95 12 43 90 Eiendom - Spvinging - Pflavring	 Tlf. 911 81 534 – Mail: post@valdrestakst.no
	 MOB: 906 66 061 – TLF: 61 36 30 55 E-POST: jokersvett@joker.no – POSTADRESSE: Panoramavegen 901, 2960 Røn	
		 Wangensten AS Golsvegen 23 2920 Leira i Valdres

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.